




Ein lett tur gjennom lynghei og gammalt kulturlandskap til Ryvarden fyr, eit av dei kjente landemerker langs kysten. Her får du ei spesiell natur- og kulturoppleving i alt slags ver!

This is an easy walk through heath and old pastures to Ryvarden lighthouse, one of the best-known landmarks along the coast. The feeling you get here, both of history and closeness to nature, is quite unique and memorable - in all kinds of weather!



Ryvarden.

Foto: Ellen Tveit

## Rute og ymse av interesse

**Terreng:** Grusveg i kupert terreng. Delvis litt stigning.  
**Tid:** 40 min.

Ta av frå Rv 47 ved skilt til Mølstrevåg, om lag 9 km nord for Hauge-sund. Følg Rv541 ca. 6 km til skilt til Ryvarden. 1 km til parkering i Mølstrevåg (1).

Mølstrevåg er ein av dei kjende handelsstadane på kysten, med trygg hamn for båtar som skal over den verharde Sletta. Tidlegare har det vore drive både reiarverksemd, sildoljefabrikk og fiske med utgangspunkt i

## Route and places of interest

**Terrain:** Gravel road in broken country. Some inclines.  
**Time:** 40 min.

Leave Rv 47 by the sign to Mølstrevåg, about 9 km north of Hauge-sund. Follow Rv541 approximately 6 km to the sign to Ryvarden. Proceed 1 km to parking in Mølstrevåg (1).

Mølstrevåg is one of the best known commercial villages along the coast, and ships passing the exposed coastline Sletta have always found a safe harbour in Mølstrevåg. Modern industry is now the primary source of



Mølstrevåg. I dag er det industrien som rår, men framleis ligg det gamle handelshuset nede ved kaien.

Frå det høgste punktet på vegen (2) er det storslått utsikt mot m.a. Stord og Bømlø, Utsira og sørover mot Byheiane i Haugesund.

Ryvarden fyrstasjon (3) ligg der den gamle «Ryvarden» låg, grensevarden mellom Ryfylke og Hordaland heilt sidan vikingtida. I den islandske søgeboka Landnåmbok vert det fortalt at oppdagaren Floke Vilgjerdson bygde ein varde på Ryvardneset i år 868, før han drog vest over havet for å slå seg ned på Island. Den gamle varden vart fjerna i 1861.

I 1849 bestemte fyrdirektoratet at det skulle byggjast eit fyr på Ryvarden. Fyret, ei lita tømra stove, 2,6 m i firkant, med fyrapparat i ei vegglykt, vart plassert tett ved den gamle varden. Her var det storslått utsyn utover Sletta og Bømlafjorden. Fyret skulle vera tent i tida for vårsildfisket, frå 21. desember til 1. mars, men det kom snart krav frå dei sjøfarande om lengre brenntid for fyret. Alt frå 1852 vart perioden lengd til 9½ månad, frå 15 juli til 1. mai.

Utover 1800-talet vart det gjort fleire utbetringar her ute. I 1861 vart det sett opp ein ny og større bygning. Nå vart og den gamle varden diverre fjerna.

I 1935 vart det bygt eit 6 meter høgt tårn og installert tåkesignal på fyret. Den siste store moderniseringa kom i 1958. Det vart lagt fram elektrisitet og bygt nytt bustadhus. Ein fyrmeister og to fyrbetjentar budde og arbeidde her ute. Bustadhuset frå 1861 vart rive ned. Først på 70-talet kom det kjøreveg frå Mølstrevåg ut til fyret, men 14 år seinare, i 1984, måtte folk reisa frå Ryvarden. Då vart fyret automatisert.

(Kilde: Kulturhistorisk Vegbok Hordaland).

Etter at fyret vart automatisert og fråflytta, har dei gamle bygningane fått nytt liv som Ryvarden Kulturfyr (3), med mellom anna galleri, kafe og atelier for kunstnarar. Galleriet har skiftande utstillingar frå april til desember, og er blitt eit populært utfartsmål i distriktet. Her er og historia til Floke Vilgjerdson illustrert i eit lite museum ved galleriet. Galleriet er oppe søn- og helgedagar, også kvardagar i juli og august.

income, but signs of earlier economic activity can still be seen in the harbour where some of the old trading houses are still standing.

From the highest point on the road (2) there is a magnificent view of Stord and Bømlø, Utsira and even as far south as Byheiane outside Haugesund.

Ryvarden lighthouse (3) is located where the old cairn "Ryvarden" once stood. This cairn was the border marker between the districts of Ryfylke and Hordaland as far back as the Viking Era. The old Icelandic manuscript Landnåmbok mentions that the seafarer Floke Vilgjerdson built the cairn in the year 868, before he proceeded westward to settle in Island.

In 1849 the Lighthouse Authority decided to build Ryvarden lighthouse, and the first structure, a small timber cabin 2,6 metres square with a wall-mounted lamp, was built near the cairn. As you can see this is an ideal spot for a lighthouse, with extended views of Sletta and Bømlafjorden. The idea was to have the light on during the winter herring fisheries from the 21st of December to the 1st of March, but in 1852 seafarers in general demanded that the period of operation be extended to 9,5 months, from the 15th of July the 1st of May.

Several improvements were made during the second half of the previous Century. In 1861 a larger building was put up and, unfortunately, the old cairn was removed.

In 1935 a 6-meter tower was built and a foghorn was installed. In 1958 a new house was built and electricity was installed. The road was built in 1980 and, ironically, when the lighthouse was automated 14 years later, everyone left.

(Source: Kulturhistorisk Vegbok Hordaland).

But all is not lost. After the lighthouse was automated, the old buildings started a new existence as Ryvarden Kulturfyr (3), with a gallery, cafe, and an artist's studio. The gallery has several separate exhibitions from April to December, and has become a popular destination also for the local population. And to round it all off, the story of Floke Vilgjerdson is illustrated in a small museum by the gallery. The museum is open on Sundays and holidays all year and all week during July and August.

---

#### Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

#### Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.